

Ingunn Elise Myklebust
Sigrid Eskeland Schütz

Bergen 28.01.2015

**Rapport forskningsbasert undervisning, spesialemner: JUS265-2-A Planrett og JUR640
Planrett**

JUR640 Planrett (etterutdanninga) har undervisning 3 dagar om våren og 6 dagar om hausten, fordelt på to sesjonar. JUS 265-2-A har undervisning i 6 dagar om hausten. Ettersom undervisninga som skjer om hausten er felles for begge kursa, har vi utarbeid en felles rapport. Myklebust og Schütz har saman kursansvaret for begge desse emna.

Vurdering av gjennomføring:

a) Praktisk gjennomføring

I kursa deltek førelesarar både frå fakultetet og eksterne. Kven som føreles om dei ulike emne varierer noko frå år til år. Samarbeidet mellom oss fagansvarlege og eksterne førelesarar (advokatar og flinke juristar frå forvaltninga) fungerer godt, og samarbeidet har nytteverdi både i samband med den konkrete undervisninga og koordinering her, men også nyttig for forskning og nettverksbygging.

Førelesingsrekkjene er stykka opp med innlagte praktikumsoppgåver, der studentane – no både etterutdanningsstudentane og jusstudentane – får høve til å diskutere saker relatert til førelesingane, i grupper. For etterutdanningstudentar er både undervisning og oppgåveløysing eit obligatorisk innslag, medan både førelesingar og oppgåver for jusstudentar er frivillig. Dei fleste jusstudentar deltek på begge deler. Oppgåvene vert gjennomgått i fellesskap. Diskusjonane ved oppgåveløysing sikrar ei god utveksling mellom teoretisk tilnærming og innspel frå studentar med lang praktisk erfaring.

JUR 640 Studentane har obligatorisk prøve etter første haust sesjon.

JUR 640 og JUS 265-2-A avsluttar begge kurset med ein 4 timars skuleeksamen på hausten.

Samarbeidet med administrasjonen fungerer godt.

b-c) Strykprosent, fråfall og karakterfordeling

Styrkprosent, er som venta. Karakterfordeling har vi ikkje fått informasjon om enno.

d) Studieinformasjon og dokumentasjon

JUS265-2-A kurset er gitt informasjon om på nettet, og elles på same måte som andre spesialeemne. Det vi særleg må hugse på – dvs administrasjonen – er å leggje ut informasjon om kurset tidleg, slik at vi får så mange som studentar til vaksenopplæringskurset som mogeleg.

E) Tilgang til relevant litteratur

Studentane får tilgang til lærebøkene gjennom Studia, og til artiklane gjennom Gyldendal rettsdata. Det er ikkje motteke noko informasjon som kan tyde på at tilgangen til pensum eller tilleggslitteratur er særleg vanskeleg.

Vurdering av rammevilkår:

A) Lokal og undervisingsutstyr

I eit kurs som har både etterutdanningstudentar og jusstudentar, og som har både førelesingar og gruppearbeid, er det viktig å ha eigna lokale både for førelesingar og gruppearbeid. I løpet av ein undervisningsdag treng vi både ein eigna førelesingssal (gjerne ein mindre), samt tre grupperom som bør ligge nær einannan, slik at kursansvarleg kan gå rundt i ulike grupper. Førelesingsrom og grupperom i kjellaren på JUS II fungerer svært godt til føremålet. Det må likevel påpeikast at vi svært ofte har opplevd at temperaturen i førelesingssalen er for låg, og at ventilasjonsanlegget er avslått. I undervisinga på vårparten var dette eit **betydeleg problem**. Det tek for langt tid frå drifta vert kontakta, til problema vert retta opp, og det må kunne forventast at drifta sjølv sikrar at problemet er løyst før dei avsluttar ei feilmelding. Dette må rutinemessig vere på plass frå starten av dagen, slik at kursansvarleg (førelesar) slepp å bruke tid på dette.

Undervisingsutstyret har elles fungert godt.

Vurdering av studentevaluering:

Det er ikkje føreteke konkrete studentevalueringar av desse kurset dei siste åra. Tidlegare evalueringar av JUR 640, har vore positive.

Forslag til forbetringstiltak:

Vi synest opplegget fungerer godt, men vi vurderer å gjere den første delen av kurset (som berre gjeld for JUR 640), m.a. innføring i metode, forvaltningsrett og tingsrett, til eit *nettkurs*. Vi kan då kanskje nå ut til fleire studentar, samstundes som vi – til ei viss grad – kan gjere gjenbruk av førelesingar. Det er ein tanke som må modnast og eit opplegg som må planleggast, så det er ikkje aktuelt å setje det i verk før tidlegast våren 2016. Vi vil likevel vurdere å få til opptak av eit par undervisingar allereie i vår (2015), slik at vi kan begynne å «samle» opptak som det kan vere aktuelt å bruke. Ein tanke er at eit eventuelt nettkurs kan avsluttast med ein del-eksamen etter nettkurset på våren, og at den gjeldande obligatoriske midtvegsprøva om hausten utgår.

Kombinasjonar av kurs ol:

Aktuelle kurskombinasjonar kan vere JUS 253-2-A- Kommunalrett og JUS271-2-A, Energy law, og JUS270-2-A Economic Analysis of Law.

Høgskulen i Bergen har planar om å starte opp ei masterutdanning og eigedom- og jord-skiftefag, og det kan dukke opp spørsmål om fakultetet kan tilby undervisinga i JUS 265-2-A for desse studentane. Det er frå før - 07.02.13 - inngått avtale mellom UIB og HIB om at juridisk fakultet forpliktar seg til å levere planrett til ein erfaringsbasert masterprogram i arealplanlegging.